



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2021

«Nær menneske, nær Kristus»

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Soknerådet _____	- 3 -
Gudstenester og kyrkjelege handlingar _____	- 5 -
Trusopplæring _____	- 7 -
Drift av kyrkja og gravplassen _____	- 10 -
Økonomi _____	- 11 -
Kyrkjemusikk _____	- 14 -
Temakveldar _____	- 15 -
Diakoninemda _____	- 16 -
Kyrkjebladet _____	- 18 -
Kyrkjeringen _____	- 19 -
Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt _____	- 20 -
Bakken barnehage _____	- 21 -


Fitjar, den 21. april 2022



Svein Lunde
leiar i soknerådet


Tom Rydland


Herman Inge Aadland


Sigrid Fangel


Jan Overweg
kyrkjeverje


Roald Drønen
sokneprest


Wenche Andersen Helland
nestleiar i soknerådet


Anne Marie Rød

Håkon Rydland Sæbø

Aase Rygg H. Nøttveit


Olase R. Nøttveit


Sigurd André Maraas

kommunal representant

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Soknerådet

v/ Svein Lunde, soknerådsleiar

SAMANSETJING AV RÅDET

Svein Lunde, leiar

Wenche Andersen Helland, nestleiar

Sigrid Marie Fangel, skrivar

Tom Rydland

Anne Marie Røed

Herman Inge Aadland

Håkon Rydland Sæbbø

Aase Rygg H. Nøttveit

Karin Maria Korsvik, fast vara

Roald Drønen, sokneprest

Sigurd André Maraas, kommunal representant

Kyrkjeverje Jan Overweg har vore med som sakshandsamar på alle møte.

Soknerådet har gjennom året hatt 11 møte - det er fleire enn i eit vanleg år. Det har vorte behandla 80 ulike saker. I tillegg har det vore ei felles samling 09. november om strategi saman med staben.

På møtet 18. november vart Svein Lunde attvald som leiar for soknerådet for eit år. Til nestleiar, også for eit år, vart Wenche Andersen Helland attvald. Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvene som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som høyrer til fellesrådet sitt ansvar. Innkalling og referat frå møte er offentleg tilgjengeleg på kyrkja sine heimesider - kyrkja.no/fitjar.

MØTE I 2021:

28.01 Teams

18.02 Teams

18.03 Teams

22.04 Kommunestyresalen og Teams

20.05 Kommunestyresalen

17.06 Kommunestyresalen

26.08 Kommunestyresalen - delvis med staben i saka om "høyring ny kyrkjeleg organisering"

23.09 Kommunestyresalen

14.10 Kommunestyresalen

04.11 Kommunestyresalen - ekstramøte om bispevisitas og "høyring ny kyrkjeleg organisering"

18.11 Kommunestyresalen

09.05 Soknemøte om lokal grunnordning (etter gudstenesta)

30.05 Årsmøte for kyrkjelyden (etter gudstenesta)

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

ARBEIDET I RÅDET

Arbeidet i soknerådet har også i 2021 vore prega av pandemien. Likevel har arbeidet vore effektivt, og nokre saker har vore gjengangarar eller prega arbeidsåret som heilskap.

Gjennom heile året har det vore fokusert på å utvikla ein ny strategi for arbeidet i Fitjar sokn. Arbeidet med strategi blei starta opp i 2020 og vidareført i 2021. Parallelt har det vore arbeid med korleis fondet for kyrkjelydsprest kan nyttast til beste for kyrkjelyden. Desse sakene vert sett i samanheng og blir vidareført i 2022.

Saka om ny kyrkjeleg organisering har prega heile kyrkjenoreg, og soknerådet brukte tid på å setja seg inn i saka og gje fråsegn til høyringa.

Frå sentralt hald kom det pålegg om å vedta ny lokal grunnordning for gudstenesta.

Gudstenesteutvalet laga eit forslag som vart vedteke i soknemøte 09.05.2021 og teke i bruk pinsedag 2021.

Administrasjonen og soknerådet hadde mykje arbeid med førebuing til bispevisitasen i byrjinga på desember. Dette var fyrste visitasen sidan 2008. Biskopen avslutta med visitasforedrag og -meldinga inneheld gode innspel til soknerådet sitt vidare arbeid. Visitasmeldinga kan lesast på heimesida til Fitjar kyrkje.

Som tidlegare, blir forslag til kollektliste handsama av soknerådet. Tidlegare retningslinjer er vidareført.



Gudstenester og kyrkjelege handlingar

v/ Roald Drønen, sokneprest

Tilsette, råd og andre frivillige har i 2021 arbeidd hardt og målmedvite med å gjennomføra gudstenester, gravferder, vigslar, dåp, konfirmasjon og anna barne- og ungdomsarbeid m.m. Ein stor innsats er lagt ned, og vi er svært nøgde med alt godt arbeid som er gjort i ei utfordrande tid med å nå våre 2477 medlemmer (pr. 31. des. 2021).

Pandemien med smitteverntiltak har gjort at det til tider har vore vanskeleg å samla mange menneske om gongen. Det har ikkje vore lett å vera «ei synleg kyrkje» i denne tida.

Fitjar kyrkje	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Døypte	24	25	20	25	39	37	32
Konfirmerte	34	35	41	41	41	34	45
Vigsel	5	6	8	4	7	12	4
Gravferd	28	38	27	13	21	32	28
Deltakarar i gudst. søn- og helgedagar	7334 (9500)	3710 (7700)	7963	8499	8940	9324	8896
Gjennomsnittframmøte på søn- og helgedagar	46/85		124/64	143/59	144/62	150/62	148/60
Gudstenester utanom kyrkje(-huset)	3	7	7	7			
Nattverddeltakarar	1168/26	1025/20	2797/40	2933/38	3382/35	3781/41	3153/37
Utmelde/innmelde	7/4	6/2	7/3	7/0	21/3	26/8	7/5
Kyrkjeoffer	251744	239766	417471	416255	544417	425154	416430
Gjevarteneste og andre gâver	166420	188600	246199	277563	670290	639929	56280

Etter beste evne ha vi retta oss etter ordningar og oppmodingar som har kome frå offentlege mynde. Det har stadig vore endringar i talet på kor mange som kunne samlast i kyrkja. Dette har ført til at mange har site heime når kyrjeklokkene har kalla til samlinger.

Vi har følgd gudstenesteplanen for Fitjar som er vedteken av biskop. Det betyr gudsteneste kvar sønd- og heilagdag i soknet. Dei alle fleste av gudsteneste har vore i Fitjar kyrkje. Eit mindre tal enn normalt har vore andre stader (utegudstenester / Fitjar Bu- og behandlingssenter / Havnauset). Det var ikkje skulegudstenester til påske og heller ikkje noko samling for barnehagane i adventstida. Gudstenesta 2. påskedag i Dåfjorden måtte også gå ut.

På grunn av covid-19 har vi hatt 18 eigne dåpsgudstenester etter den ordinære søndagsgudstenesta. Der har berre slektingar og nærskyldte til dåpsborna vore inviterte. Mange kyrkjegjengarar har sakna å få vera med og «ta imot» og inkludera nye born i kyrkjelyden.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Konfirmasjonen vart flytta til september, også dette året. Konfirmantane vart fordelt over seks gudstenester. Kvar familie fekk tildelt tre kyrkjebenker.

Ljosmesse var dette året også berre for konfirmantar og føresette. Julaften vart berre sendt digitalt med deltaking av 18 born og ungdomar i ulike rollar.

Det er alltid spennande å ha gudstenester lagt til rette for ungdom. Gudstenesta på 2. juledag (kveldstid) er blitt ein god tradisjon og mange ungdomar deltok med tale, musikk, song, tekstlesing m.m.

Talet på gravferder det siste året må med 28 reknast som normal. Det har vore vondt å ikkje kunne ha «open kyrkje» ved gravferder, der dei som ville, kunne vera til stades å ta avskjed med dei som har gått bort.

Det har vore fem vigslar i 2021. Ei av desse - ved Tveitafossen - samla mange.

Talet på ut- og innmelde har endra seg lite sidan forrige år.

Vi har overført stort sett alle gudstenester i Fitjar kyrkje på nettet. Ei av desse vart også overført via avisa Vårt Land sine nettsider. Når mange ikkje har hatt høve til å koma til kyrkja, har det vore eit godt tilbod å følgja gudstenestene via nettet. Vi har mange, som ikkje bur i Fitjar, saman med oss på gudstenestene frå kyrkja vår.

Det har vore ca. 9500 visningar i 2021. Det betyr at det er svært mange som deltek på gudsteneste i Fitjar kyrkja via ein skjerm. Vi når dermed mange fleire enn dei som fysisk er til stades i kyrkja.

Bispevisitas er ei storhending i ein kyrkjelyd. Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, vitja Fitjar i månadskiftet november/desember. Her fekk han møta folk i bygda ved kyrkjelydskveld i Fitjar kultur- og idrettsbygg, skulegudsteneste for barnetrinnet, møte med lærarar, eit særskilt møte med ordførar og varaordførar i tillegg til rådmann og etatsjefar. Biskopen hadde møte med både sokneråd og tilsette for å snakka saman om gleder og utfordringar i kyrkjelyden. Biskopen m/ fylgje fekk også ei flott omvistning på Engesund Fiskeoppdrett sitt anlegg i Fitjarøyane. Måltidet som vart servert, var utsøkt.

Visitasen vart avslutta med gudsteneste 5. desember. Etterpå heldt biskopen sitt visitasforedrag, der han snakka varmt om alt det godt arbeidet som skjer i Fitjar kyrkjelyd. Han gav også kyrkjelyden utfordringar som vi måtte ha fokus på i tida som ligg framom.

Året 2021 vart annleis enn vi hadde venta. Det har gjeve oss mange ulike utfordringar som vi har takla etter beste evne.

Eg er takksam for å arbeida med ein stab som viser svært stor arbeidsinnsats og kreativitet. Takk også til sokneråd, nemnder og mange andre frivillige som har stått saman med oss med å spreia budskapet om den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.



Trusopplæring

v/ Randi Lønning Matre, kyrkjelydspedagog

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden tok utgangspunkt i trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. Grunna korona-restriksjonar i store deler av 2021 vart det endringar i gjennomføring av tiltak - blant dei tårnagenthelga og konfirmantsamlingar.

Tiltak	Namn	Deltakarar 2021	Av inviterte	Deltakarar 2020	Av inviterte
B0	Dåp	19		25	
B1	Babysong	15	60%	21	117 %
B2	Adventssamling 2 år			9	47 %
B2-4	Småbarnssong	22	30%		
B4	4-årsbok/kyrkjevandring	25	71%	22	76 %
B5	Den gode gjetar	10	34%		
B6	Barnas påskefest	20	71%	33	103 %
B9	Tårnagent	22	71%	23	79 %
B11a	Lys Vaken	13	36%	22	63 %
B11b	Båten 10-11 år	11	38%		
B15	Konfirmasjon	34	94%	35	85 %
B13-18	Tentreff	35			
B15-18	Vidare 15-18 år	20	13%	12	28%



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

MEIR OM ARBEIDET

«Med Jesus i båten» er namnet på Trusopplæringsplanen i Fitjar kyrkje. Eller forkorta til «Båten»

Det store målet i trusopplæringa er å gi vidare bibelforteljingane til barn og unge, slik at dei kan kjenne seg trygge i kyrkjeskipet gjennom heile livet.


Trusopplæringsutvalet har vore med på å planleggje og gjennomføra trusopplærings-tiltaka. I utvalet er desse med: Randi Lønning Matre, Birgitte Drønen Brenne, Hilde Karin Vedøy Eiken og Anne Marie Røed (leiar).

Mange flotte uløna medarbeidarar er med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

Trusopplæringa er frå 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.

Dei store nasjonale trusopplæringstiltaka som 4-årsbok, tårnagentar, lys vaken og konfirmasjon er tiltak prioritert gjennomført dette året.

BABYSONG



Babysong inneheld songstund, nistemåltid og leik/sosialt samvær for born under skulealder saman med ein vaksen på Fitjar bedehus. Babysong er organisert som eit kurs med påmelding retta mot babyar mellom 0 og ca 12 månader saman med ein vaksen. Me ser at det er varierende kor mange som er heime med baby i kvart semester. Og det har vore ein utfordring med korona-pandemien. Sjølv om me har vore små grupper både vår- og haustsemester, har det vore god stemning.

Nokre som har hatt høve til det, har vore med 2 semester.

4-ÅRSBOKA OG UNDRETUR

4-Årsboka og undretur vart gjennomført slik me pleier. Og det var ein flott gjeng med 4-åringar i kyrkja, både på undretur og på familiegudsteneste.

BARNAS PÅSKEFEST

Barnas påskefest vart gjennomført kohort-vis ute i tre puljar. Det var mange gode tilbakemeldingar på ei koseleg samling. Dei fekk boka «tre i eit tre». Dei vart også invitert til digital familiegudsteneste.

TÅRNAGENHELG



Tårnagenhelg vart gjennomført med eit tidsavgrensa opplegg tilpassa ute. Det var god oppslutnad av agentar, og fleire føresette stilte opp for å hjelpe til. Lys Vaken vart gjennomført etter planen. I november var samfunnet opna opp og me kunne samlast utan særlege restriksjonar. Men me merka regelen om å halde seg heime om ein var sjuk. Det var fleire leiarar som på kort varsel ikkje kunne koma.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

BÅTEN

Båten vart tilpassa eit opplegg ute rundt kyrkja, med fokus på dei ulike Jesus-forteljingane ved og på sjøen.

TEN-TREFF



Kyrkja driv, saman med Fitjar indremisjon, Ten-treff for ungdommar i alderen 13 år og oppover. Eit positivt tiltak. Noko vanskeleg å starte oppatt etter mykje avlysing og nedstenging. Fram mot sommaren hadde me fleire store arrangement for ungdommar. Det vart arrangert 2 turar til Voss og rafting. Det var ein tur til klatreparken på Nesttun. Flott oppslutnad, veldig kjekt å gjere noko i lag på ein annan arena.



NYE TILTAK

Tiltaket «Vidare» for ungdom vart starta i 2020, og det held me fram med. Her er det mat og prat, undervisning og samtale, leik og moro.

Oppslutnaden er varierende, men med god stemning.

Nytt i 2021 er «Småbarnssong». Det er ei viderføring av adventsamling for 2-åringar. Samling ein gong i månaden for barn 2-4 år. Her er det songstund og bibelforteljing. Me et nistekvelds saman til slutt. Eit godt motteke tilbod.

ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste ca ein gong i månaden. Fleire av gudstenestene i 2021 laga me som digitale familiegudstenester. Mange barn og unge har stilt opp med song, musikk, drama og andre oppgåver. Tusen takk for flott innsats.

SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har godt samarbeid med alle skulane. Skulegudsteneste vart gjennomført til jul for barneskulane. Men for ungdomsskulen vart det ikkje gjennomført. Me laga ei digital helsing til barnehagane før juleferien.

Kyrkja har til vanleg eit møtepunkt med soknerådsbarnehagen Bakken ca. ein gong i månaden. Dette har vore redusert dette året, men nokre møtepunkt har me hatt. Me har vore på besøk i Bakken barnehage, og dei har vore på besøk i kyrkja i mindre grupper til pinse.

PLANAR FRAMOVER

Det er nokre år sidan planen vart skriven. Og det er signalisert frå bispedømekontoret at det er tid for revidering. Dette har vore planen å jobbe med i over eit år. Men grunna mykje endring i tiltaka dette året har det ikkje vore tid til revidering. Planen framover vil framleis vera å jobbe med revideringa av trusopplæringsplanen vår i trusopplæringsutvalet.

Drift av kyrkja og gravplassen

v/ Jan Overweg, kyrkjeverje

PERSONALE

I 2021 har me hatt desse medarbeidarane i kyrkjestaben:

Sokneprest, Roald Drønen

Kyrkjeverje / kontor, 35%+65%, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 80%, Randi Lønning Matre

Kontormedarbeidar, 40%, Elisabeth Søndena Oma (permisjon frå 18.10.2021)

Kontormedarbeidar, 40%, Brit Kannelønning Olsen (vikar frå 18.10.2021)

Kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister, 50%+20%, Kjetil Hagevik Ragde

Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Sofie Rimmereid

Også i heile 2021 har Covid ført til unormalt arbeidspress for dei tilsette. På alle område har ein vore bunden av strenge krav om smittevern. Ein må erkjenne at evnen til å stadig tilpassa seg har blitt sett på prøve sidan mars 2020. Saman har dei tilsette gjort ein formidabel innsats for å gjera så godt ein kunne i å møte utfordringane.

KYRKJEBYGGET

I 2021 er det kun utført mindre vedlikehald. Våren 2021 vart den blåe løparen frå 1957 skifta ut med ein ny frå Ledaal teppeveveri. Den gamle løparen vart snudd ein gong på 1990-talet - og låg deretter med den gråe sida opp.

I gangen mellom dåpssakristiet og kyrkjerommet er det lagt til rette for betre tilhøve for lagring av materiell til trusopplæring. Her vart det laga ny reolplass. Maling av kyrkjebygget vart igjen utsett - og behov for vedlikehald byrjar å bli meir synleg. Det bør difor vera eit mål å få utført malingsarbeid i 2022.

GRAVPLASSEN

Med ny kyrkjegardsarbeidar på plass er det flott å kunna konstatera at mykje vert gjort for å halda gravplassen velstelt og fin. Det er også fjerna nokre tre og hekk. I 2021 vart traktoren med hengjar bytta med ny atv med tilhengjar. Sommarvikarar hjelper til med grasklipp og kantklipp sommarmånadene. Ved hovudporten vart det montert ny informasjonstavle. Kyrjekontoret har ansvar for å halda tavla ajour.

Soknerådet har i 2020 vedteke å jobba med å forbedra parkeringstilhøve for dei som har trong for å parkera nærmare kyrkja og gravplass. Samtidig vert det planlagt nytt skjul for gravemaskinen, som no står ute ved kyrkjegardshuset. Det er komité for Bygg og anlegg som arbeidar med planlegging og har som mål å realisera dette i 2022. Ein planlegg også ein minnelund og klargjering av felt D til nye graver.

Kyrkja utfører gravstell på om lag 50 av gravene på vegner av pårørande som ikkje har høve til å gjera dette sjølv. Mari Helland har i mange år utført denne jobben. Det er på sin plass å gje henne all honør for engasjementet! Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard har vore kr. 200,- pr. år etter at fredningstida på 20 (25) år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Økonomi

v/ Jan Overweg, kyrkjeverje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja / kontormedarbeidar og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sin rekneskap er for 2021 gjort opp med eit overskot på kr. 53.592.

Endringar i aktivitet og bruk av kyrkja under Covid har ført til litt reduserte utgifter. Inntektene har derimot vore som budsjettert. Det er likevel verd å merka at driftstilskotet frå kommunen har blitt redusert dei siste åra. I budsjettet vart det difor lagt opp til balanse med moderat bruk av disposisjonsfondet (overskot frå tidlegare år).

Når det gjeld balansen, står det no 1.056.078 i bundne fond:

Gravfestemidlar	121.171
Kyrkjelydsprest	643.364
K.K.Rydlands legat	87.355
Gravlegater	201.189

Disposisjonsfondet er på 1.408.666 før overskotet for 2021 vert disponert. Det betyr at kyrkja framleis vil kunna takla uføresette forhold som måtte intrefa.

Fleire detaljer om rekneskaperen er å finna i tabellane på dei neste sidene.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

RESULTATREKNESKAP

			Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter					
1	600-659	Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	-293 609	-388 500	-324 429
2	660-679	Sal av driftmidlar / fast eigedom	0	0	0
3	700-789	Refusjon / overføring	-508 842	-515 000	-517 511
4	790	Kalk. inntekt ved kommunal tenesteyting	0	0	0
5	800-804	Statlege tilskot	0	0	0
6	805	Tilskot frå Den norske kyrkje	0	0	0
7	830-839	Rammeoverføring / tilskot frå eigen kommune	-2 305 306	-2 305 300	-2 439 400
8	840-859	Tilskot frå sokn og organ for sokn	0	0	0
9	860-879	Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-426 308	-445 000	-437 753
10	Sum driftsinntekter		-3 534 064	-3 653 800	-3 719 094
Utgifter					
11	010-099	Løn og sosiale utgifter	2 276 252	2 352 400	2 161 427
12	100-299	Kjøp av varer og tenester	652 358	913 900	933 143
13	300-389 + 429	Refusjonar / overføringar	467 277	456 000	503 179
14	390	Kalk. utgift ved kommunal tenesteyting	0	0	0
15	400-479 - 429	Tilskot og gåver	136 564	215 000	215 767
16	Sum driftsutgifter		3 532 450	3 937 300	3 813 516
17	Brutto driftsresultat		-1 614	283 500	94 422
18	900-909	Renteinntekter og utbytte	-7 738	-2 500	-11 460
19	920-929	Avdrag på utlån	0	0	0
20	500-509	Renteutgifter og låneomkostningar	-5	0	501
21	510-519	Avdrag på lån	0	0	0
22	520-529	Utlån, kjøp av aksje, andelar m.v.	0	0	0
23	Netto finansinntekter / -utgifter		-7 743	-2 500	-10 959
24	590	Avskrivningar	312 191	265 000	312 191
25	990	Motpost avskrivningar	-312 191	-265 000	-312 191
26	Netto driftsresultat		-9 357	281 000	83 463
Interne finanstransaksjonar					
27	930	Bruk av udiponert mindreforbruk frå tidlegare år	0	0	0
28	940-949	Bruk av disposisjonsfond	0	-280 000	0
29	950-959	Bruk av bundne fond	-46 550	0	-131 154
30	Sum bruk av avsetjingar		-46 550	-280 000	-131 154
31	530	Avsatt til dekking av meirforbruk frå tidlegare år	0	0	0
32	540-549	Sett av til disposisjonsfond	2 000	0	43 805
33	550-559	Sett av til bundne fond	315	0	3 886
34	570	Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
35	Sum avsetjingar		2 315	0	47 691
36	Meirforbruk / mindreforbruk		-53 592	1 000	-0

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

BALANSE

		31.des 2021	31.des 2020
Eigendelar			
A	Anleggsmidler	8 876 844	9 181 735
	527-529 Faste eigedommar og anlegg	8 549 547	8 776 224
	524-526 Utstyr, maskinar og transportmidlar	232 171	317 685
	522-526 Utlån	0	0
	521 Aksjar og andelar	95 126	87 826
B	Omløpsmidlar	2 995 766	3 275 838
	513-517 Kortsiktige forderingar	459 324	203 297
	518 Asjar og andelar	0	0
	512 Sertifikat	0	0
	511 Obligasjonar	0	0
	510 Kasse, bankinnskot	2 536 442	3 072 541
C	Eigendelar	11 872 610	12 457 573
Eigenkapital og gjeld			
D	Eigenkapital	11 387 881	11 664 714
	556-558 Disposisjonsfond	1 408 666	1 408 666
	551-552 Bundne driftsfond	1 056 078	1 074 313
	553-554 Ubundne investeringsfond	0	0
	555 Bundne investeringsfond	0	0
	5580 Endring i rekneskapsprinsipp investering	0	0
	5581 Endring i rekneskapsprinsipp drift	0	0
	55950 Rekneskapsmessig mindreforbruk	53 592	0
	55900 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
	55960 Udiponert i investeringsrekneskapan	0	0
	55970 Udekkja i investeringsrekneskapan	-7 300	0
	55990 Kapitalkonto	8 876 844	9 181 735
E	Langsiktig gjeld	0	0
	541-542 Ihendehavarobligasjonslån	0	0
	543-544 Sertifikatlån	0	0
	545-549 Andre lån	0	0
F	Kortsiktig gjeld	484 729	792 859
	531 Kassakreditlån	0	0
	532-539 Anna kortsiktig gjeld	484 729	792 859
G	Sum gjeld og eigenkapital	11 872 610	12 457 573

Kyrkjemusikk

v/ Jan Overweg, kantor

Også i året som har gått, har kulturlivet i Noreg måtta innretta seg etter strenge smittevernkrav. Fitjar sokn har prøvd å oppretthalda gudstenestelivet så godt som mogleg. Store deler av året var det føringar for talet på fysiske deltaking. Nærmast alle gudstenester vart også streama, med gode visningstal. Gudstenesteutvalet har vore aktivt med rekruttering av mellom anna forsongarar. Kantoren har teke ansvaret for den digitale satsinga også dette året.

I fastetida var det ein digital konsert med kantor og sokneprest. I juli var det mogleg å skipa til to lunsjkonsertar på laurdagar - som tidlegare år. Julekonserten måtte dessverre bli avlyst.

Instrumenta i kyrkja er i tiptopp stand. Klimaanlegget i pianoet gjer at instrumentet ikkje treng besøk av pianostemmer meir enn ein gong i året.

Kyrkjekoret tok opp att øvingane ei stund på hausten og tok del i gudstenesta helgemessesøndag. Elles har det ikkje vore aktivitet i koret.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Temakveldar

v/ Eli N. Simonsen

Også dette året vart prega av corona og færre samlingar.

Me hadde ein sommarkonsert i juni, og elles gjekk programmet som normalt på hausten.

I arrangementsgruppa sit Benedicte Meyer, Hildegunn Aadland, Anne Britt Tornes og Eli N Simonsen.



Programmet 2021

Juni	"Undring" Gurid Refvik, Irene Simonsen, Eli N Simonsen
August	Ola Didrik Saugstad - "Menneskeverd under press"
September	Bjarte Stubhaug - «Livsmeistring-om å møta og meistra utfordringar i livet»
Oktober	Osternes Mannskor - Salmar og songar av Elisabeth Moldestad
November	Kloster trio - "Fagre joledag"

Det er svært kjekt å få vera med i dette arbeidet ;og me vonar at me kan halda fram i året som kjem!



Diakoninemnda

v/ Halvard Wiik

SAMANSETJING AV UTVALET

Annbjørg Stjern Tvedt, leiar
Grete Sætre
Inger Marie Gilje
Bodil Nesse
Hilda Gloppen
Halvard Wiik
Roald Drønen

AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

- Organisere besøksteneste for dei som ynskjer det.
- Skipa til ein årleg dagstur.
- Blomehelsing til jul til enke/enkemenn (næraste pårørande) etter dødsfall sist år. Presten var på 10-15 slike besøk i 2021.
- Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.
- Skipa til inspirasjonsfest med fagleg og åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvenner.
- Delta i gudsteneste på Helgemessesøndag.
- Arrangere «Open kyrkje».
- Laga til sommarfest på sjukeheimen.
- Samarbeid med kyrkjelydande i Stord, Bømlo og Tysnes om felles sorggrupper.

P.g.a. coronarestriksjonar har mange av fellestiltaka ikkje, eller berre delvis, blitt gjennomførde i 2021.

OMFANGET AV ARBEIDET

Diakoninemnda hadde fire møte i 2021.

I samband med fødselsdagar fekk 35 personar besøk og blomehelsing.

Inkludert nemndsmedlemene er det 16 frivillige besøksvenner som er engasjerte i arbeidet.

Ved utgangen av året er det 13 personar som får jamleg besøk.

Ein er elles kjend med at det også er ein del frivillige som tek på seg oppgåver utan å vera registrerte i diakoninemnda sine system.

NYE TING SOM ER KOMNE TIL I ÅR

Sommaren 2021 var medlemmer frå diakoninemnda til stades på kyrkjegarden nokre timar ein dag i veka. Føremålet var å vera til stades dersom nokon ynskte ein samtale/prat over ein kopp kaffi.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Tilbodet vart teke vel imot, og kvar gong var det fleire som nytta seg av det.

«Open kyrkje» er nytt frå 1. juni 2021, og vart gjennomført ein gong for månaden resten av året.

VIKTIGE HENDINGAR I ÅRET SOM GJEKK

Coronasituasjonen sette som nemnt store avgrensingar for diakoninemnda sitt arbeid i 2021.

Både samarbeidstiltaket «Julekos» som vart starta opp i 2020, inspirasjonssamlinga for besøkssvener og den årlege diakonituren måtte avlysast.

Også i 2021 fekk pårørande som hadde misst kjære siste året, spesiell invitasjon til å delta på helgemesse-arrangement. Mange kom både til open kyrkje laurdagskvelden og til gudstenesta søndag. Spesielt oppløftande var det å sjå kor mange som kom laurdagskvelden. Tilbakemeldingane fortalde at mange sette stor pris på tiltaket.

PLANAR FRAMOVER

Diakoninemnda har av kapasitetsmessige omsyn ikkje konkrete planar om nye tiltak i 2022 utover det som er nemnt i første punkt i denne årsmeldinga. Det viktigaste vil vera å koma i «normal gjenge», og å få på plass igjen dei tiltaka som ikkje, eller berre delvis, let seg gjennomføra i 2021 pga. pandemi.

Det nye tiltaket «Open kyrkje» vert vidareført i 2022 – kvar første torsdag i månaden.



Kyrkjebladet

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med fire utgåver dette året.

Skrivning og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking vert utført Kai Hansen Trykkeri og distribusjonen av SUDI.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2021:

- Roald Drønen, redaktør
- Rolf Atle Rølsnes
- Torbjørn Hovland
- Anne Hardeland
- Karvel Strømme
- Herman Inge Aadland

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver (kr 38.500 i 2021) og inntekter frå annonsesal. Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Tilbakemeldingane me får, viser at folk set stor pris på kyrkjebladet og at mange les det.

Arbeidet med kyrkjebladet har gått etter planen. Innhaldet består av god informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, gjennom «Nytt frå soknerådet», ulike reportasjar, intervju, stoff og artiklar frå lokalmiljøet, oppgåver for dei minste etc. Me er takksame for gode, frivillige som gjer ein fin jobb i redaksjonskomiteen.



Kyrkjeringen

KYRKJERINGEN TAKKAR FOR SEG

v/ Hildegunn Aadland

Etter 41 års arbeid såg kyrkjeringen det no naturleg å leggja ned arbeidet. Høg alder og sviktande helse for dei fleste gjer at det vart tungt å driva vidare. Dette vart vedteke samrøystes på møte i kyrkjestova den 23. november 2021.

Det var dåverande sokneprest Tore Tangen som tok initiativ denne kyrkjeringen (som avløyste den gamle). Dei som var med frå starten er: Ellen Vestbøstad (leiar), Bjørg Vik (kasserar), Annlaug Rimmereid (skrivar), Solveig Rimmereid, Gullborg Glopsholm, Alvilda Dahle, Agnes Tangen, Tore Tangen (Styret er som det var i starten).

Kyrkjeringen har arbeidd for å gjera kyrkja vakker og tenleg. Dei mest synlege og dyre arbeida er vel biletevevteppet med Jesus i Getsemane og kyrkjetekstilane. Men me kan òg nemna salmebøker i 1985 og 2015, barnebøker, eit åkle (vove av Hilma Lønning) til dåpssakristiet, gravferdskappe til klokkaren og kyrkjegardskappe til prestane, lydanlegg (ikkje det siste), teleslyngje, ryggputer til benkene. Fram til for nokre år sidan pynta Haldis Abotnes med blomar til kvar gudsteneste, så lenge det blømde, plukka ho blomane frå eigen hage, - elles kunne ho kjøpa for kyrkjeringen sine pengar. Dåpsklutane må òg nemnast. Bjørg Vik har i veldig mange år sytt for at det er nok dåpsklutar. Dei er broderte på Madagaskar og vert gjevne til dåpsborna. Dette må soknerådet ta ansvar for vidare.

Det siste prosjektet me hadde, var oppussing av kyrkjestova. Me ytte ca. kr. 30.000,- til dette arbeidet. Det var mange som var med på dugnaden med å gjennomføra arbeidet. Det må vera på sin plass å nemna Anne Britt Ternes sin rolle. Ho har m.a. teikna det heile og kalkulert kostnader.

Det meste av pengane er komne inn på samlingane våre. På 80- og 90-talet laga me til hyggjekveldar og samla inn pengar. Me ynskjer at pengane som er att, skal gå til oppussing av sakristia. Me har eit brennande ynske om å få eit skikkeleg ljosanlegg i kyrkja, ein enkel leseampe på lesepulten, og ljøs som kan lysa opp, og varierast på aktørar på temakveldar, t.d., eller berre lysa opp altartavla m.m. Me vonar soknerådet kan sjå seg syn med dette.

Det har vore fleire medlemmer i ringen, nokre er avlidne, nokre har flytta. Dei som var med på slutten, er Ellen Vestbøstad, Bjørg Vik, Annlaug Rimmereid, Solveig Rimmereid, Anne Marie Røed, Borgny Vik, Eli Simonsen, Haldis Abotnes, Gunn Kvernenes, Anne Britt Ternes og underteikna.

Me har kjent på at arbeidet har vore viktig og meningsfullt, - og me vonar andre kan ta over noko av arbeidet.



Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og har avtale om å støtta NMS sitt arbeid i Mali. Saman med NMS ynskjer Fitjar kyrkjelyd å jobba for å kjempa mot urett, jobba for å utrydda fattigdom og å dela trua på Jesus med fulanifolket i Mali.

Formålet med misjonsavtalen er å skapa misjonsengasjement og å byggja Guds rike lokalt og globalt, skapa interesse og engasjement for misjon og prosjektet, og å støtta arbeidet i Mali med forbøn og pengar.

Under gudstenestene påskedag, pinsedag og juledag vert det informert om arbeidet og situasjonen i Mali. Det vert teke opp offer til prosjektet og det vert bede for arbeidet. I 2021 vart summen kr. 23.293,- kroner.

Det vert informert om prosjektet på heimesida til kyrkja, i kyrkjelydsbladet og på kyrkjelydsturane. Diverse informasjon om avtalen og prosjektet er tilgjengeleg i kyrkja. Det er ynskjeleg at prosjektet skal vera ein viktig og naturleg del av det meste av arbeidet i kyrkjelyden, og verta innlemma i ulike arrangement og på ulike arenaer i kyrkjelydsarbeidet. Og det er ynskjeleg at misjonsarbeidet i Mali er med i forbøna under gudstenestene kvar søndag. Gjennom dette ynskjer ein at alle i kyrkjelyden, frå dei yngste til dei eldste, skal kjenna til prosjektet, kjenna at dette er «vårt» prosjekt og slik ha (eller få) eit oppriktig misjonsengasjement.

Det har ikkje vore noko fungerande misjonsnemnd dette året. Tre av fire nemndsmedlemer gav seg i 2019.



Bakken barnehage

v/ Serina Sørfonn, styrar

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtektene står det: «Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid.» Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga.

I 2021 sat desse i styret fram til nytt styre : Erling Prestbø (leiar), Frøydis Almås, Asbjørn Vik og Torunn Aarskog. Tom Rydland er barnehagekontakt i soknerådet. I Samarbeidsutvalet for barnehagen er det to representantar frå eigar, dette er Frøydis Almås og Tom Rydland.

Nytt styre frå hausten 2021: Tom Rydland (leiar), Torunn Aarskog (styremedlem), Erling Prestbø (styremedlem), Arnhild Raunholm (personal) og Andreas Siglen (foreldre).

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år .

Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 plassar) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

BORN PR 15. DESEMBER 2021

58 born totalt, 54 born har 100% plass og 4 born har 60% plass. 16 born er under 3 år (fødd i 2019, 2020, 2021) og 42 born er over 3 år (fødd i 2015, 2016, 2017, 2018).

Me hadde fullt belegg pr 15.12.2021.

Me har born med særskilde behov som får tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i følgje vedtak. Kommunen refunderer kostnader til dette.

PERSONALRESSURSAR PR. 15. DESEMBER 2021

Styrar: 1 årsverk, seniorstilling 0,4 årsverk
pedagogisk leiar/barnehagelærer: 6 årsverk,
fagarbeidar/assistent: 6 årsverk, ekstra
ressurs/assistent: 1,46 årsverk, til saman 14,86
årsverk og 18 tilsette!

Me har ein stor og fin barnehage både innvendig og utvendig. Alle avdelingane har større areal enn det som er påkravd. I tillegg har vi fellesrom som: formingsrom, bibliotek og grupperom. Personalavdelinga er romsleg med godt pauserom og arbeidsrom med kontorplass til alle pedagogane.

Det har ikkje vore gjort store endringar dette året.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

KVA HAR SKJEDD I 2021?

Torunn Aarskog gjekk over i ein seniorstilling på 40% den 01.08.21. Serina Sørfonn har tatt over som styrar frå 01.08.21. Torunn gjekk av med pensjon 31.12.21

Pga. koronapandemien vart barnehagedagane litt annleis i 2021. Me fekk smittevernreglar i fleire utgåver som me måtte forhalda oss til. Avdelingar vart delt i grupper /kohortar; handvask og desinfisering vart rutine. Gult nivå har vore det me har hatt mest dette året. Me var i frå juni-desember på grønt nivå.

24. oktober deltok barnehagen med song på familiegudstenesta. Kyrkja var fullsett av born, foreldre, besteforeldre. Ei flott oppleving!

Vennskapsfesten vart arrangert på bedehuset den 23. november. Me dekkja bord til 200 personar. Me hadde julespel, utlodding, mat og drikke. Me kunne senda kr. 33.240 til Vennskapsbarnehagen i Egypt (Mamma Maggie)!



PLANAR FRAMOVER

Barnehagesektoren er i stadig fornying/ending. Me held oss oppdatert og deltek på fleire kurs gjennom året. Det har ikkje vore så mange personalkurs som ein hadde håpa på. Noko er gjennomført digitalt. Dette håpar me det blir ending på i 2022.

Det er planlagt kompetanseheving for assistentar og fagarbeidarar gjennom kurs og foredrag. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er noko barnehagane i heile kommunen skal vera med på.

At me er ein kyrkjelydsbarnehage kjem til uttrykk på mange måtar i barnehagekvardagen. Bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ein gong i veka, formidla på forskjellige måtar ved hjelp av bøker, flanellograf, forteljing, film, dramatisering mm.

Prest/kyrkjelydspedagog plar å besøke oss ca ein gong pr måned, men dette har blitt sjeldnare no i koronatida. Dei kristne høgtidene har stor plass hos oss med lilla (tenke/ventefargen) i advent og fastetid. Sidan barnehagane hamna på gult nivå i desember, vart barnehagegudstenesta avlyst. Me fekk i staden ei digital framføring frå kyrkja!

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2021

Tema dette barnehageåret er «Kroppen vår frå topp til tå». Eit spanande tema som avdelingane har jobba med på ulike måtar. Kroppen inni og utanpå har vore fokus no i haust. Etter jul har kjensler vore i fokus.

ØKONOMI

Barnehagen driv med overskot. Overskotet vert brukt til nedbetaling av gjeld og diverse utbetringar. Pr. 30.12.2021 har barnehagen ei gjeld på ca. 950.000





**Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som
2021 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin
visjon:**

«Nær menneske, nær Kristus»